UTTALE TIL SENTRUMSPLAN PÅ HJELMELAND

Me ønsker at Sandedalen ikkje blir regulert til kun reiseliv. Me ønsker at denne dalen fortsatt skal ligge som næringformål. Hjelmeland treng tomter for at næringsvirksomheter kan utviklast.

Munthe Dagligvare AS (Spar Hjelmeland) har i dag ca 25 parkeringsplasser, me bør minst ha 50-70 stk for å tilby kundene våre muligheter til å handle hos oss.
Vareleveringa skjer i dag med store vogntog som rygger over heile parkeringsplassen. Dette skaper farlige situasjoner.

Butikkarealet til Spar er i dag ca 500 m2, me ønsker å doble dette. Då kan me utvikle oss i takt med markedet og varestraumen som dei forskjellige produsentane treng til varene sine i butikken.
Det at me har ein liten butikk som er veldig «trang» med tusenvis av forskjellige varetypar, gjer at me arbeider veldig tungvint. Hadde me fått meir hylleplass til kvar enkelt vare, hadde alt blitt så mykje lettare.

I 2008 hadde Spar ein omsetning på ca kr 21,5 mill. i 2018 hadde butikken ein omsetning på ca kr 32 mill. omsetningen vår har dei siste 3 åra stagnert. Me er sikker på at utviklingen går i positiv retning om me får større butikklokaler og meir å tilby Hjelmeland.

Hjelmeland har i dag ingen gavebutikk ol. Etter at Blomsterhjørna la ned. Me er med i ein butikk-kjede, men siden me eiger butikkdriften sjøl, kan me ta inn varer/ting som me måtte ønske.
Får me større butikkareal, kan dette bli gjennomførbart i egen avdeling i butikken

Me er ein lokalbutikk til både fastbuanede i Hjelmeland, turister og ikkje minst hytte-eigerar som er veldig flinke til å bruke dagligvarebutikkane.

Spar vil ha muligheten til å kunne etablere seg i Sandedalen. Med det vil me ha to dagligvarebutikkar med lik konkurrasevilkår i same området. Noko som ikkje vil gå på bekostning av kvarandre, heller tvert om.

Undertegnede har vurdert tidligere, og vurderer nå å etablere nye butikklokaler i Hjelmeland. Me ønsker med dette at lokale politikere regulerer inn muligheten for lokal satsing i Sandedalen som næringareal med sentrumsformål.

Dersom det blir slik som høyringsforslaget til reguleringsplanen er i dag, tvinges Spar til å fortsette i gamle lokaler, og mister muligheten om lik konkurassevilkår slik som ein hadde hatt ved R 13.
Å bygge ny butikk uten tilknytning til R13, vil ikkje bli aktuelt

Med dette oppmoder Munthe Dagligvare AS sterkt at fremtidige formål med Sandedalen, er til det beste for næringslivet i Hjelmeland

Mvh

Tone Kristin L. Munthe og Arild Munthe
Munthe Dagligvare AS